

møte  
mellom  
mennesker



# Årsmelding 2022

## Vang frivilligsentral



Frivillighetens år **2022**

Sammen feirer vi Norges viktigste lagarbeid

**Hovudmål:** Vere drivkraft for frivillig verksemd i Vang  
**Visjon:** Saman skaper vi eit godt og inkluderande lokalsamfunn

### **Delmål og satsingsområder i handlingsplanen:**

#### **Delmål 1: Førebygge einsemd og bygge fellesskap på tvers av alder, kultur, bakgrunn og interesser**

##### Opne møteplassar - Faste aktivitetar - Arrangement

Sentralen heldt ope 3 dagar i veka. I samarbeid med helsestasjonen har vi hatt barseltreff annankvar måndag sidan april, med godt oppmøte. Deltakarane set stor pris på ein offentleg møteplass for barselgruppa. Frå mai hadde ein frivillig norskundervisning med flyktningar 3 dagar i veka, frå hausten 1 dag i veka. 5 frivillige i 'middagsgjengen' har servert middag på Storplogen kvar søndag. I tillegg har vi saman med biblioteket og andre arrangert 16 arrangement. Til saman deltok om lag 2100 på desse arrangementa og dei faste aktivitetane. (sjå s 4-5)

2 frivillige har øvingskøyr 7 turar med 3 elevar, 1 tok lappen. Vi treng fleir frivillige for å dekke øvingskøyringsbehovet! Ein ny frivillig tok initiativ til datahjelp, og vi kartla behov og mogelegheiter på fleir eksisterande møteplassar rundt i kommunen, men kom ikkje i gang med tilbodet.

#### **Delmål 2: Vere eit bindeledd mellom frivillig, offentleg og privat sektor, og ein støttespelar for frivillige lag og andre arrangørar**

Saman med biblioteket administrerte vi busskort til ukrainske flyktningar i regi av Innlandstrafikk, og vi var hjelpeinstans i høve folkeavstemminga om fylkesoppløysing.

##### Marknadsføring/rådgiving

Vi har spredd informasjon om søknadsordningar og koronareglar, bidratt med plakatar og anna marknadsføring til arrangement i regi av ulike lag, og lånt ut lokala ved behov.

##### Frivillighetens år og Inkluderande frivilligheit

Basert på innspelsmøter med frivillige lag i 2021 har arbeidsgruppa (frivilligsentral, Innovangsjon og folkehelsekoordinator + delvis læringscenter) jobba tett i heile 2022 med synleggjering av frivilligheita og aktivitetstilbodet i Vang, gjennom tre tiltak:

*Frivilligmarknad* - om lag 300 frammøtte fikk ein smakebit av aktivitetstilbodet i Vang då 32 lag viste seg fram i Vangshallen med stands og demonstrasjonar. Laga var svært fornøyde med dagen, og ønsker at det skal arrangerast Frivilligmarknad annankvart år. (sjå s 6-7)

*Foreningsportal* - i desember vart portalen lansert, endeleg er informasjon om alle lag og aktivitetstilbod i Vang samla på ein plass! Laga kan sjølv enkelt oppdatere sin informasjon, og vi som jobbar med feltet kan enklare halde kontakten med dei. Foreningsportalen er utvikla for frivilligsentralar av WIS og er plassert på vangivaldres.no. Portalen skal i 2023 lenkast til eksisterande aktivitetsskalender (kva skjer) på vangivaldres.no.

*Presentasjonar av laga* - arbeidsgruppa har til saman skrive 16 presentasjonar av frivillige lag i 2022. Presentasjonane er samla på vår nettside. Arbeidet held fram i 2023 og blir forhåpentlegvis også til eit fysisk magasin.

##### Aktive saman og Fritidserklæringa

Aktive saman var finansiert av BufDir via NFS ut juni, så løyvde kommunestyret 200.000 til å forlenge prosjektet. Prosjektleiaren var tilsett i 50% fram til august, og rekrutterte og følgde opp 4 familiar som fikk hjelp frå frivillige for å få ungane med i fritidsaktivitet. Prosjektleiaren og dagleg leiaren deltok på erfaringskonferanse i Ålesund. I juni bidro vi til at 19 ungar frå FK Vang deltok på fotballcup på Fagernes. I desember vart ny prosjektleiaren tilsett, med tittel AlleMed-koordinator.

Vi bidro også til etablering av ei *fritidskasse* som skal gi økonomisk støtte til fritidsaktivitetar, med midlar frå BufDir, administrert av folkehelsekoordinator.

##### Leve heile livet

Dagleg leiaren sit i kommunen si prosjektgruppe, med ansvar for satsingsområde 2; aktivitet og fellesskap. Prosjektgruppa gjennomførte i 2022 mellom anna gjestebod som innbyggjarmedverking.

### **Delmål 3: Inspirere lokalsamfunnet i arbeidet med bærekraft, mangfold, solidaritet, likestilling og inkludering.**

Årets julegåvedugnad ga rekordstor innsamling, som kom godt med då det var mange ungar på mottakssenteret og læringssenteret som fikk gaver.

#### BUA

I BUA kjem alle slags folk og låner utstyr. Bebuarar på mottakssenteret utgjør ei stor brukargruppe, og månadene utan mottaksdrift ga nedgang i utlånstala. Elles har det vore veldig høgt utlån, og vi har fleire månader vore på utlånstoppen blandt småkommunene. For heile 2022 kom vi på 10. plass med 953 utlånte utstyreeiningar. Heile året har vi hatt 2 timer opningstid pr veke + etter avtale. I mai innførte vi éin dag for innlevering og éin dag for utlevering for betre flyt.

Vi arrangerte 2 aktivitetsdagar med foreldre og ungar i 3 klassar på VBU, hadde stand med aktivitet på Vinjerock sin marknadsdag samt samarbeida om deira førehandssal av festivalbilettar. Vi fikk låne ut VBU sine hockeyskøyter i ei tillitsbasert ordning på Joker Ryfoss som vart godt brukt. Dagleg leiar deltok på nettverkssaling i Oslo i september.

#### TV-aksjonen

Årets aksjon gikk til leger utan grenser, og i Vang vart det gitt 130 583,-. Frivilligsentralen koordinerte den lokale arbeidsgruppa, arrangerte temakveld, bamsesjukehus i Høre bhg og konkurranser på Vinjerock sin marknadsdag, og administrerte 4 områdeleiarar som rekrutterte 25 bøssebærarar.

Alle tiltak vi er involvert i er eksempel på bærekraftsmåla, enten det handlar om å skape mindre ulikheit, legge til rette for meir bærekraftige lokalsamfunn, eller å bidra til god helse og livskvalitet.

#### **Økonomi**

I 2022 fikk vi 448.000,- i statstilskot. Samla driftsregnskap: 640 050,-

#### **Tilsette**

Marte Tangen: Dagleg leiar. 20% permisjon grunna styreleiarvervet i Norges frivilligsentraler  
Inger Kongslie Tveit: Prosjektleiar Aktive saman 50% + 10% vikar for DL, fram til august  
Mona Wiik Jonassen: Medarbeider i BUA / vikar for DL 10%, fram til juni  
Janne Colbjørnsen: Sommarvikar i BUA, juli  
Lene Rogn Lokreim: AlleMed-koordinator 50%, frå desember

#### **Frivillige**

58 frivillige har utført om lag 450 timar med frivillig arbeid for sentralen dette året. Av desse er 34 kvinner og 24 menn. 5 er bebuarar på mottaket. Om lag 40% er pensjonistar. 20 av 28 frivillige med faste oppdrag deltok på julebord på Sara's kafé.

#### **Styre og årsmøte**

Hovedutval for levekår er sentralen sitt øvste organ. Årsmøte 2022 vart halde 22. februar.

For 2022 vart følgjande styre valt:

Kari Hagaseth (styreleiar)  
Oddbjørn Skeie (rep. frå adm.)  
Elisabeth Myhre (rep. frå HUL)  
Helge Lajord  
Grete Buajore  
Björg Lerhol  
Marie Hermundstad

Mina Synøve Blom Haaverstad (vara)

Styret har hatt 5 styremøter, samt bidrege på julegåvedugnaden og enkelte arrangement.



Elisabeth, Kari, Grete, Oddbjørn, Helge og Gerd (2021)

#### **Regionalt og nasjonalt arbeid**

Valdres nettvekrsguppe har hatt 2 møter i 2022. Gruppa følgjer rådmannsutvalet sin vertskapsmodell; Etnedal var leiar vårhalvåret og Sør-Aurdal hausten.

I juli kom ny forskrift for statstilskotet. Sentralen driv i tråd med forskrifta, og fordelinga av tilskotet vil vere om lag som før. I november deltok dagleg leiar og styreleiar på landsmøte i NFS.

Arrangement som frivilligsentralen var delaktig i. Som medarrangør tar vi ofte del i planlegging, marknadsføring og gjennomføring saman med samarbeidspartnarane.

|                                                                                |           |     |
|--------------------------------------------------------------------------------|-----------|-----|
| <b>Den glemsomme elefanten</b> - bistå biblioteket                             | 2. mars   | 5   |
| <b>Aktivitetsdag 1./2. kl</b> - medarr. med foreldrekontaktar                  | 15. mars  | 40  |
| <b>Temakveld om demens</b> - medarr. med Vangsheimen og biblioteket            | 28. mars  | 10  |
| <b>Aktivitetsdag 6. kl</b> - medarr. med foreldrekontaktar                     | 30. mars  | 20  |
| <b>Saltvegen over Filefjell</b> - medarr. med Historielaget og biblioteket     | 31. mars  | 70  |
| <b>Frivilligmarknad</b> - medarr. med arbeidsgruppa Inkluderande friv. og laga | 30. april | 300 |
| <b>Konsert med Lystrup trio</b> - medarr. med biblioteket og kulturkontoret    | 8. mai    | 70  |
| <b>Hyttedebatt</b> - medarr. med Avisa Valdres og biblioteket                  | 8. juni   | 80  |
| <b>Marknadsdag med Vinjerock</b> - aktivitet BUA/TV-aksjon, med FK Vang        | 24. sept  | 200 |
| <b>Foredrag med Are Sende Osen</b> - bistå biblioteket                         | 27. sept  | 55  |
| <b>Bamsesjukehus</b> - medarr. med Høre BHG, legekantor, husflidslag           | 17. okt   | 15  |
| <b>Temakveld TV-aksjon</b> - medarr. med biblioteket og kommunekomiteén        | 19. okt   | 20  |
| <b>Haututst. + bøtetreff</b> - medarr. med bibliotek, husflidslag, kunstutval  | 29. okt   | 30  |
| <b>Bokkveld</b> - bistå biblioteket                                            | 7. des    | 70  |
| <b>Luciafrukost</b> - bistå biblioteket                                        | 13. des   | 40  |
| <b>Juleverkstader</b> - økonomisk bidrag med biblioteket (meistring og læring) | desember  | 40  |
| <b>Barseltreff</b> - medarr. med helsestasjon og biblioteket                   | 15 x 10   | 150 |
| <b>Språkkafé / Norsktrening</b> - medarr. med biblioteket og mottaket          | 35 x 20   | 700 |
| <b>Middagsservering på Storplogen</b> - medarr. med Vangsheimen                | 37 x 5    | 185 |

Om lag 2100 deltok på arrangement og aktivitetar frivilligsentralen var delaktig i.



Marknadsdag med Vinjerock med hoppedugnad og triksekonkurranse til inntekt for TV-aksjon



Bamsesjukehus



Barseltreff med demonstrasjon av bæresjal



Bøtetreff



Hyttebygging i framtidas Vang



Norskundervisning



Aktivitetsdag med 1. og 2. klasse



Aktivitetsdag med 6. klasse

# • Frivilligmarknad i Vangshallen!

2022





# Tusen takk til alle frivillige som stiller opp <3



TV-aksjon; bøssebærarar og områdeleiarar



Sesongbytter i BUA, vår og haust



Julegåvedugnad

## Kontakt

frivilligsentralen@vang.kommune.no  
vang.frivilligsentral.no  
bua.no/utlansordninger/bua-vang

46 81 64 73  
facebook.com/vangfrivilligsentral  
facebook.com/BUAVangiValdres